



Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/Samferdsleutvalet.

Førde 13.09.16.

Kopi til: Fylkesutvalet, Fylkeseldrerådet

Aktuelle saker hausten 2016.

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane representerer pensjonistane i alle deler av fylket. Med 40 lokallag får vi innspel frå eit breitt tverrsnitt av pensjonistar i alle bygder og byar i fylket.

Det er vår oppgåve å arbeide for interessene til denne store og viktige delen av innbyggerane i distriktet vårt.

Fylkeskommunen har ansvar for og forvaltar ein del ordningar som er svært viktige for mange av våre medlemmer, ordningar som har mykje å seie for livskvalitet, for trivsel og for sjansar til å delta i samfunnslivet, og dermed motverke isolasjon og einsemd. Det er og ikkje minst viktig å leggje til rette for at eldre får utnytte sine ressursar, til beste både for dei sjølve og samfunnet.

Vi vil her nemne nokre viktige saker som vi bed fylkespolitikarane vere særskilt merksame på både ved budsjetthandsaminga i haust og sjølv sagt når dei elles kjem opp:

Serviceskyss og TT-kort:

Serviceskyss og Tilrettelagd Transport er innarbeidde ordningar som for ein stor del fungerer godt i fylket, endå om det er skilnader mellom kommunane.

Einskilde år har løyvingane til serviceskyss stått på kuttliste, men har likevel hittil unngått reduksjonar.

Pensjonistforbundet vil oppmode om at desse ordningane heller vert styrka, dei er svært viktige for mange som elles har vanskar med å kome seg ut, både for naudsynte ærend og for sosialt samvær.

Kollektivtransport/Bestillingsruter:

Kollektivtilbodet, særleg i utkantane, er sterkt redusert dei siste åra, mange stader eksisterer det i praksis ikkje lenger.

Pensjonistforbundet vil føreslå at det vert gjort forsøk med tilbod om bestillingsruter.

Det er då viktig at slike opplegg er ubyråkratiske og tilgjengelege for dei som treng tenesta. Ein må ikkje eksperimentere med sentraliserte ordningar som ikkje vil fungere. (Vi bør gjerne ikkje nemne forsøket med sentralisert bestilling av serviceskyss, som til all lukke vart reversert).

Opplysningar om rutetider/Rutehefte:

I år sløyfa fylkeskommunen å gje ut det tradisjonelle ruteheftet.

Vi trur innsparinga totalt sett her er usikker, når ein tek omsyn til ulemper for brukarane, ekstra spørsmål over telefon og internett, og auka bruk av drosjer og privatbilar.

Pensjonistforbundet meiner at store grupper eldre og funksjonshemma vert sette heilt utanfor. Mange er endå ikkje internettbrukarar, og det er lettare sagt enn gjort å få opplysningar over telefon, der det ofte er lang ventetid og tastetrykk hit og dit.



Pensjonistforbundet meiner at både politikarar og administrasjon i fylkeskommunen må ta omsyn til alle innbyggjarar i fylket, og ikkje minst dei som fell utanfor i den raske tekniske utviklinga.

Billettkjøp på bussar:

Så vidt vi kjenner til, er her nokre bussruter der ein må kjøpe billett på internett.

Vi meiner det må finnast ordningar der ein ikkje utestengjer grupper av brukarar.

Etter kvart vil dei aller fleste, også eldre, kunne bruke internett, men vi er ikkje der endå.

Pensjonistforbundet, og mange lokallag arbeider aktivt med datakurs for medlemene, men ikkje alle kan verte sjølvstendige brukarar. I tillegg er det endå mange stader i fylket som manglar stabil internett tilgang.

Med helsing

Per Kjelstad
Styreleiar

Laila Hage
Dagleg leiar